

# Pressemelding

06.10.2023

## Oversikt over politiske møte i oktober

**Det nye fylkestinget i Vestland blir konstituert under møtet i fylkestinget 17. og 18. oktober. Det er også fleire andre politiske møte i løpet av månaden.**

Fylkestinget og valnemnda 17. og 18. oktober

Dette er det konstituerande møtet for fylkestinget i Vestland 2023–2027. Møtet er i Vestlandssalen i Vestlandshuset. Det blir sendt direkte i nett-tv og startar kl. 9.

[Saker til og program for møtet i fylkestinget 17. og 18. oktober.](#)

### **Val av fylkesordfører og fylkesvaraordfører**

Saksbehandlinga startar kl. 09.25. Det skal då formelt veljast fylkesordfører og fylkesvaraordfører. Fylkestinget skal blant anna også velje fylkesutval og hovudutval med nye leiarar for perioden 2023–2027.

13. september vart det klart at dei seks partia som har styrt fylkeskommunen dei siste fire åra, held fram samarbeidet. Dei seks partia er Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne. [Les meir om samarbeidet i denne nyheitssaka.](#)

Fylkesvalstyret har tidlegare godkjent mandatfordelinga, og [her er ei oversikt over kven som får plass i fylkestinget i valperioden vi no går inn i.](#) Til saman tolv politiske parti blir representerte i fylkestinget.

### **Folkevaldopplæring**

Det er 65 representantar i fylkestinget i Vestland, og mange nye representantar deltek på sitt første møte 17. og 18. oktober.

Delar av møtet er sett av til opplæring av dei folkevalde. Blant anna orienterer fylkesdirektøren om politisk og administrativ organisering og forholdet mellom politikk og administrasjon, medan juridisk sjef gir ei innføring i saksbehandlingsreglar og habilitet.

### **Valnemnda**

Det er også møte i valnemnda 17. og 18. oktober. Valnemnda legg fram forslag til

leiar og nestleiar, medlemar og varamedlemar i råd og utval i fylkeskommunen for fylkestinget, som gjer endeleg vedtak.

### **Nett-tv**

Heile møtet i fylkestinget blir sendt i nett-tv, og lenke til sendinga blir lagt ut på [denne nettsida når møtet nærmar seg](#).

### **Program og saker**

[Saker til og program for møtet i fylkestinget 17. og 18. oktober.](#)

[Saker til og program for møtet i valnemnda 17. og 18. oktober.](#)

Andre politiske møte

Fylkeseldrerådet 9. oktober – [program og sakliste](#)

Kontrollutvalet 16. oktober – [program og sakliste](#)

Vestland ungdomsutval 20. oktober – [program og sakliste](#)

Finansutvalet 25. oktober – [program og sakliste](#)

Fylkesutvalet 25. og 26. oktober – [program og sakliste](#)

Arbeidsutval delegeringsreglement 27. oktober – [program og sakliste](#)

Kontaktperson

Jon Askeland, fylkesordfører, 47 45 97 20, [jon.askeland@vlfk.no](mailto:jon.askeland@vlfk.no)

---

*Saklister og program til dei politiske møta i Vestland fylkeskommune blir lagt ut om lag ei veke før møta skal vere.*

Politiske møte i nett-tv

Fylkestinget, fylkesutvalet og enkelte andre møte i Vestland fylkeskommune blir sende i nett-tv.

[Nett-tv og opptak av alle fylkestingsmøta](#)

[Nett-tv og opptak av alle andre møte som blir sende på nett](#)